
Fra: Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>
Sendt: 12. september 2017 22:57
Til: Postmottak Lindås
Emne: Fwd: Spørsmål tilKjetil Eikefet.

Orsak, men feil ved epostadressa til LK, gjer nok at denne eposten ikkje kom fram.

Vonar denne kjem fram!
Mvh RF

----- Vidaresend melding -----

Emne:Spørsmål tilKjetil Eikefet.
Dato:Thu, 29 Jun 2017 12:24:51 +0200
Frå:Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>
Til:postmottak@lindaas.kommune.no

Hei!

Til Arne Eikefet

Iflg. Lindås Kommune sine vegvedlikehaldsarbeidarar er det deg eg må venda meg til med spørsmåla mine:

Det gjeld ymse som kommunen har brukt / eller ikkje fått brukt / og som ligg lagra i skogen nord for nordre utløp av Fureberg tunnelen. Det er faktisk ein del der som kan nyttast i gjevne høve. Det dreiar seg mellom anna om brukte ferister og ein del betongrøyrer som etterkvart er ganske mosegrodde.

Gamle ferister kan brukast til bruer (fundament) i skogsveg. Vi fekk ekstra behov for slikt etter at skogsvegen vår fekk skadar i høve at det vart køyrd relativt tunge gravemaskiner der då kraftliner hos oss vart rivne og ny line sett opp. Arbeidet gjekk sin gang uavhengig av veret! (Lina: Gausereide - Heggertveit og vidare.) Så har vi ein gardsveg gjennom dalen på Gausereide som er opprusta i dag til å tola kva det skal vera. (5 aktive, daglege, - brukarar.) Men her må gjennomløpet for vatnet frå vest gjerast noko med, - og der kan eventuelt brukast store røyr.

Eg har to gravemaskiner, 8 og 14 tonns, og gjer såleis arbeidet sjølv, - og har ein tanke om korleis ein kan bruka noko av det kommunen har lagra og som truleg Lindås kommune ikkje ar nokon plan for, -når det gjeld bruk. Vi er og sjølvhjelpne når det gjeld eventuell transport.

Håpar dette kan vurderast og vi ser fram til positivt svar.

Med vennleg helsing

Reidar Furelid, Vassbygdvegen 271, 5912 SEIM